

Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021

Kjell Håland (A) og **June Indrevik (H)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi Håland er nestleiar i Verdsarvrådet for Bryggen og Indrevik er medlem av Verdsarvrådet for Bryggen. **Knut Inge Andersen (FNB)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er varamedlem til Verdsarvrådet for Bryggen. Håland, Indrevik og Andersen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Håland, Indrevik og Andersen ikkje var inhabil. Håland, Indrevik og Andersen tiltredde saksbehandlinga.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland fylkeskommune sluttar seg til forvaltningsplan for verdsarvstaden Bryggen 2021-2025 og legg forvaltningsplanen til grunn for fylkeskommunen sitt arbeid med Bryggen.